



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Kontakt saksbehandlar

Annette Fosså, 51 56 89 20

Uttale til høyring av melding om konsesjonsplikt - Tongane kraftverk, Vindafjord kommune

Vi viser til høyring av melding om konsesjonsplikt for Tongane kraftverk i Vindafjord kommune, oversendt i brev av 21.05.2024.

Bakgrunn

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke melding frå Per Bakkedal på vegne av Johan Magnus Marvik, datert 09.08.2023, om førehandsvurdering av konsesjonsplikt for Tongane kraftverk. Minikraftverket er planlagt i Tongjabekken i Vindafjord kommune. Inntaket er planlagt på kote 164 og vil danne eit magasin på ca. 80 m³. Derifrå vil vatnet gå i eit om lag 710 m langt nedgrave røyr. Kraftstasjonen er planlagt på kote 74 og vil vere eit bygg på ca. 20 m². Alminneleg lågvassføring er i NEVINA berekna til 2,2 l/s. Det er planlagt slipp av minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring. Årleg middelproduksjon vil vere om lag 1 GWh.

Statsforvaltaren si vurdering

Det aktuelle tiltaks- og influensområdet ligg innanfor eit område avsett som «*Klart oseanisk seksjon*» innanfor miljøvariabelen «*Bioklimatiske seksjonar*» etter «*Natur i Noreg*»-systemet. Området er ikkje kartlagt i dag, men at det ligg innanfor eit slikt område, fortel oss at området kan ha potensiale for førekomst av regnskog og artar som er omfatta av denne naturtypen. Det aktuelle området er vendt mot nord-aust, og gjer det enda meir interessant av omsyn til lokalklimatiske tilhøve. På bakgrunn av dette bør området etter vårt syn kartleggjast på artsnivå før ein kan sei noko om tiltaket si påverknad på allmenne interesse.

Den raudlista elvemuslingen blei i 2020 funne i Bergaelva, ein sidebekk lenger nedstraums i vassdraget. Desse individ vart funne under prøvetaking av miljø-DNA for å påvise elvemusling i det aktuelle vassdraget¹, etter lokale tips om at elvemusling var observert i vassdraget på 70-talet.

¹ Dokumentasjon av elvemusling i Bergaelva, Vindafjord kommune 2020. Notat av, Statsforvaltaren i Rogaland v/ Stig Sandring, datert 06.12.21.



Resultat frå miljø-DNA analysane er publisert i NINA prosjektnotat 290 (Fossøy m.fl. 2021)². Etter positive miljø-DNA prøvar frå Bergaelva og ved utlaupet mot sjøen (Sagelva) i 2020, blei det tatt ytterlegare prøvar i 2021. Det blei mellom anna tatt ein prøve langt nede i Trøsdalselva ned mot Svanavatnet. Denne prøven var negativ, men prøven blei tatt under dårlege tilhøve ved svært høg vassføring. Vår vurdering er derfor at ein i dag ikkje med sikkerheit kan utelukka at det finst elvemusling i Trøsdalselva. Om elvemuslingen finst innanfor det aktuelle tiltaksområdet til Tongane kraftverk bør derfor òg undersøkast nærare.

Med helsing

Cathrine Stabel Eltervåg (e.f.)
ass. fylkesmiljøvernssjef

Annette Fosså
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune
Vindafjord kommune

Postboks 130
Rådhusplassen 1

4001
5580

Stavanger
Ølen

² Fossøy, F. Brandsegg, H. Sivertsgård, R. 2021. Analyser av miljø-DNA for påvisning av elvemusling – På oppdrag fra Fylkesmannen i Rogaland. NINA Prosjektnotat 290, 9 sider.